

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 12.12.2017
Vår ref.: 2017/1575-5
Saksbehandlar: karskib
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Formidling av digitale kjelder – førespurnad om tilbod

Vi sendte ut ein tilbodsførespurnad i går. Ved ein feil var det ikkje den offisielle versjonen som vart sendt ut, og vi sender difor på nytt. Innhaldet i denne versjonen er det same som i gårsdagens versjon.

Oppdrag

I prosjektet «Kjelda» skal vi teste ulike formar for formidling av digitale kjelder på folkebiblioteka sine nettstader. Målet er å auke kjennskapen til og bruken av utvalte kjelder og biblioteka sine tenester generelt.

Vi ønsker å inngå eit samarbeid med ein profesjonell aktør som kan hjelpe oss å planlegge og teste ut ulike former for formidling av digitale kjelder. Målet med oppdraget er å utvikle ulike formidlingsformer i samarbeid med prosjektgruppa. Brukaroppleving skal stå sentralt i formidlinga.

Vidare ønsker vi hjelp til å planlegge korleis vi best kan marknadsføre dei digitale kjeldene på ein måte som når eit større publikum enn dei som nyttar biblioteknettstadene i dag.

Kjeldeformidlinga skal forankrast i biblioteknettstadene. All formidling i andre kanalar bør støtte opp under nettstadene.

Vi ønsker å kome i gong med eit samarbeid så snart som mogleg. Leverandøren må rekne med jamlege møte med prosjektgruppa i oppdragsperioden, og oppdraget skal fullførast innan 15. desember 2018.

Bakgrunn

Hordaland fylkesbibliotek arbeider med utvikling av folke- og skulebibliotek gjennom ulike prosjekt, kompetanseheving og rettleiing. Meir om oss kan du lese her: <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/fylkesbiblioteket/>

Vi har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet «Kjelda» der målet mellom anna er å auke bruken av nettstadene til biblioteka og bruken av utvalte digitale kjelder.

Mange av folkebiblioteka i fylket har nettstad i Wordpress, utvikla i samarbeid med oss. Det finst nokon fellesnettstader for fleire bibliotek, men dei fleste har sin eigen nettstad. Nettstadene gir brukarane samla tilgang til sjølvbetente digitale tenester og informasjon om arrangement og anna i det fysiske biblioteket. Sjå til dømes Voss bibliotek her: <http://www.vossbibliotek.no/>

Vi vil mellom anna ta i bruk WL Article Adopter, som er utvikla i eit nasjonalt bibliotekprosjekt, for å dele artiklar og nettsider mellom nettstadene.

Dei bibliotektilsette kommuniserer også med sine brukarar i ulike sosiale medier.

Kjelda

Prosjektet «Kjelda» har som mål å:

- Auke kvaliteten på biblioteknettstadene i Hordaland.
- Integrere offentleg finansierte, digitale kjelder på folkebiblioteka sine nettstadar på ein dynamisk måte.
- Auke bruk av biblioteknettstadene i Hordaland med 50%.
- Hauste erfaringar og utvikle metodikk for korleis eit fylkesbibliotek kan bidra til at alle folkebiblioteka har aktuelle og oppdaterte nettsider med innhald av høg kvalitet.
- Teste ulike formar for formidling av digitale kjelder

Konkretisering og avgrensing

Eit sentralt delmål i «Kjelda» er å lære meir om brukaroppleving på nett og korleis vi kan tilpasse innhaldet til ulike målgrupper.

Kjeldeformidlinga skal gå føre seg på biblioteknettstadene, med støtte i andre kanalar som sosiale medier, utstillingar, gjenbruk av digital informasjon i det fysiske bibliotekrommet, mm. Vi ønsker også å jobbe systematisk med å få innhaldet høgt opp i trefflistar, og dele det i andre relevante kanalar.

Vi skal kjøpe temaartiklar av profesjonelle skribentar og hyre inn foredragshaldarar til nokre arrangement. Dette menneskelege bidraget bør også kunne formidlast i andre formar.

Vi har ikkje gjort det endelege utvalet av kjelder enno, men eksempel på kjelder vi skal formidle er <http://grind.no/>, <http://marcus.uib.no/home>, <http://www.miljostatus.no/> og <http://www.helsebiblioteket.no/>.

Vi vil bruke Wordpress for å teste formidling på nettstadene, og legg vekt på å bruke open kjeldekode så langt det er mogleg. Oppdragsgjevar skal ha eigarskap til alt som vert utvikla i prosjektet, og fritt kunne la andre gjenbruke løysingane.

Tilboda vil bli vurdert ut frå:

Ei heilskapleg vurdering av oppdragsforståing, kompetanse, timepris, gjennomføringsevne og referansar til tidlegare oppdrag.

Vi vil invitere dei leverandørane som kjem med dei mest relevante/interessante skriftlege tilboda, til å presentere tilboda for oss før vi tar ei endeleg avgjerd om kven vi vil samarbeide med.

Innlevering av tilbod:

Kari.Skibenes@hfk.no innan 5. januar 2018 kl 1200.

Spørsmål kan rettast til:

Prosjektleiar:

Kari Skibenes:
på epost: Kari.Skibenes@hfk.no

Eventuelle spørsmål og svar vil bli sendt ut til alle som får tilbudsførespurnaden, med mindre de melder at de ikkje er interessert i oppdraget.

Venleg helsing

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef

Kari Skibenes
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.